

102637

Frontkjemparen frå Fjaler

Verdikonservativ sosialist, gneistrande EF-motstandar, songar, agitator, humanetikar, norskdoms-mann, skulemann og tidlegare stortingsmann. Merkelappane er mange. No skal Oddleif Fagerheim

(80) frå Fjaler i Sunnfjord skrive bok om livsvenen Jakob Sande.– Eg blir berre meir og meir radikal, seier den markante Ap-høvdningen og pasifisten som har testamentert bustaden sin til Nordisk Råd.

TEKST OG FOTO:
DAG H. NESTEGARD

Oddleif Fagerheim er framleis like aktiv, og vi er ikkje før komne innfor døra i den prektige heimen som skal verte kunstnarsenter, før den gamle folketalaren og folkehøgskulelæraren smell til:

– Ingen snakkar om det EF-saka gjeld! Nazismen veks over heile Europa. Det er forferdeleg at det held på å gro opp att. I Tyskland marsjerer ny-nazistane, i Frankrike samlar rasisten Le Pen store menneskemengder og dei baltiske statane er halv-fascistiske alle som ein. Dette snakkar ingen om! Det lyster formeleg av den spenstige kroppen med det gneistrande engasjementet:

– Tyskland, seier han opprørt: – Dei krev tysk som det einaste offisielle EF-språket. Dei vil ha tysk på alle EF-dokument. Dei tapte krigen, no vil dei ha herredøme over Europa gjennom den Europeiske Felleskapen. Dei lagar ein union som skal styre verda mot USA. Vi er vitne til grunnlegginga av ei ny verds-makt. Men sjølv om Noreg har problem skal vi ikkje samarbeide med å selje oss, smell det kompromisslaust frå den gamle barrikadestormaren.

– Naivt!

Men brått er det som Oddleif Fagerheim tek seg i det:

– Du er ikkje før komen inn for døra, før eg hissar meg opp, smiler han lunt. Men vi er nyfikne, og viser til Finland og Sverige som begge er på full fart inn i EF.

– Dette er tragisk. Og det er naivt av ja-sida å snakke om at vi må inn og styre utviklinga i Vest-Unionen. Små statar som Noreg, Sverige og Finland kjem ingen til å høyre på, seier han harmdirrande før han held fram:

– Og når det gjeld den norske

regjeringa så prøver dei å lure oss inn i Vest-Unionen. Dette ville aldri skjedd i Gerhardsen si tid. – Om vi ikkje hadde EF-motstandarar i partiet måtte vi sjå til å skaffe oss nokre, var beskjeden frå han.

Fagerheim meiner handelsavtalen vi i dag har med EF-landa er meir enn god nok for norsk næringliv.

Ekskludert etter 60 år

Ein treng meir enn to avis-sider for å teikne eit bilete av frontkjemparen frå Fjaler. Truleg ei heil bok. Ei bok om kamp, rettferd, norskdøm og norrøn kulturarv. Der hovudpersonen strir mot reaksjonære krefter, mot global forsøpling og mot rusgiftene. Fjaler var til dømes ein av dei aller første skulekrinsane i landet som fekk ni-årig skule. Dette var Fagerheim sitt verk.

I 1932, då Oddleif Fagerheim var 22 år gamal melde han seg inn i Arbeiderpartiet. Den unge lærarskulestudenten vart sosialist og oppretta kontakt mellom anna med *Martin Tranmæl* som då var redaktør i Arbeiderbladet. Nokre år seinare gjekk han inn i Fjaler kommunestyre der han sat i 30 år. Samstundes med dette vitja han NKL sitt Bergens-lager og krangla til seg varer for 3.000 kroner. Då han kom heim starta han, saman med 20 andre sambygdingar, Dale s-lag. Seinare sat han 25 år i styret, 12 av desse som formann.

Men det er i arbeidarrørsla Fagerheim først og fremst høyrer heime. Og den gamle folketalaren meiner Arbeiderpartiet i dag opplever ei djup ideologisk krise.

– Partiet er fullt av høgrefolk som søker makt. Ho Gro køyrer heile rørsla utfor stupet! Ho har ikkje noko å gjere i arbeidarrørsla! Ho er utruleg dyktig og burde vore generalsekretær i Dei Sameinte Nasjonane. I Arbeiderpartiet har ho ingenting å gjere. Ho kan ikkje snakke med

vanlege folk, og ho har ei heil røys med ekspertar etter seg på alle reisene i utlandet. Ho ter seg som ein kvinneleg general. At det no er fleire akademikarar i partiet enn vanlege arbeidsfolk, seier det meste. Det spørst rett og slett om det er grobotn for det vi i gamle dagar kalla sosialisme, gneistrar det frå den gamle kjempa.

For ideologi-debatten manglar og kommunismen er død. I Fagerheim si tid diskuterte ein ustansleig ideologiske spørsmål.

– No er solidariteten vekk! Ordet er forsvunnet! Før snakka arbeidarrørsla om idéar, i dag snakkar ein berre om løn, seier sosialisten som i 1988 vart ekskludert frå partiet han var æresmedlem i. Han var listetopp for Miljø og Solidaritet under Stortingens-valet...

Åtvara Bratteli

Fagerheim var også ein av dei åtte som under landsmøtet i 1958 stemte mot å ekskludere *Finn Gustavsen* og *Berge Furre* frå partiet.

– Eigentleg har eg vore SV-mann all min dag. Eg er mot EF og EØS. Eg var også mot NATO i 1947. Eg har stemt mot alt som er av militære løyvingar i Stortinget, ivrar han og tek seg i at det kan bli vel mykje snakk om eigen person.

Men sjølv om pasifisten frå Dale var ein markant og uortodoks stortingsmann heile perioden sin frå 1969 til 1981, var det særleg i 1972 han markerte seg.

– Eg var god ven av *Trygve Bratteli* og fortalde han at han var på kollisjonskurs med folke-meininga. Bratteli berre smilte. Vi var djupt uejnige i EF-saka. Han var ein hyggeleg fyr på alle måtar. Største tabben under EEC-kampen var Gjøvik-møtet. Her var alle byråkratane og fylkessekretærene i partiet samla. Dei vedtok at regjeringa skulle

stille kabinett-spørsmål mot det norsk folk! Slikt gjer ein berre ikkje! Kabinett-spørsmål stiller ein berre til Stortinget!

Regjeringa Bratteli måtte gå då nederlaget var eit faktum.

Fengsla av nazistane

Den markante Ap-høvdningen har opplevd meir enn dei fleste. Likevel er det to hendingar som skil seg ut. Den eine er EEC-saka. Den andre er frå krigens dagar:

– Hausten 1941 ville Quisling innføre nazismen i den norske skulen. Han oppretta ein organisasjon kalla Norsk Lærarsamband der alle norske lærarar var kollektivt innmelde. Vi nekta, og ei tid etter – 20. mars 1942 – vart lærarar over heile landet arresterte, og sende til Grini. Der fekk vi ordre om å trekkje attende utmeldinga. Som løn skulle vi få reise heimatt. Vi nekta og opplevde tre veker med mishandling før vi vart køyrde vidare til Hønefoss. Vi vart pinte og plagga, og nokre få gav seg.

Natt til langfredag 1942 var vi alle samla i eit halvmørkt rom der ingen ringare enn seinare stortingspresident *Gunnar Natvik Pedersen* var møteleiar. Han rådde oss til å kapitulere og spurde om vi verkeleg trudde vi kunne setje oss opp mot sjølvaste Adolf Hitler! – Om vi ikkje gav oss, vart heile bunten sendt til Kola-halvøya, vart det sagt. Den natta skulle vi ta standpunkt. Eg sa klart i frå at dette ikkje var noko å diskutere – det vart einstemmig nei! Vi vart stua i bilar og sendt nordover medan vi song «Jeg kjører fram gjennom strålefynd». Ei fantastisk oppleving! Etter ei tid skifte vi frå bil til båt. I lasterommet låg vi som ansjos og tu-ren tok tre veker, nesten utan mat, før vi nådde Kirkenes. Der vart vi verande til hausten, seier han ettertenksomt.

Vidkun Quisling uttala etter dette at dei norske lærarane hadde øydelagt alt for han. ■